

# Referat frå samlinga i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Lofoten 15. - 17. august 2012



Tema: Skjøtsel og utfordringar ved arkeologiske kulturlandskap

**Nettverkssamling i Lofoten 15. - 17. august 2012**

Marion Fjeld Larsen	Lofotr - vikingmuseum	
Sunniva Halvorsen	Lofotr - vikingmuseum	
Geir Are Johansen	Museum Nord	
Lars Engedal	Lofotmuseet	
Marie Pettersson	Musea i Sogn og Fjordane	
Jan-Arve Lund	De Heibergske samlinger -SF	
Kjell Krogstad	De Heibergske samlinger -SF	
Leif Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane	
Kristina Bjureke	Naturhistorisk museum, Oslo	
Nina Myrland	Naturhistorisk museum, Oslo	
Liv Aarvoll	Naturhistorisk museum, Oslo	
Hege Røer Pettersen	Naturhistorisk museum, Oslo	
Einar Strømnes	Naturhistorisk museum, Oslo	dag 1
Marit Marstein	Akersmuseet avd. gfamle Hvam	
Vivian Stølen	Grimstad bys museer	
Axel Dalberg Poulsen	Naturhistorisk museum, Oslo	
Trond Solberg Mortensen	Lynghesenteret – Museumssenteret i Hordland	
Astrid Pletten	Lynghesenteret – Museumssenteret i Hordland	
Dan Skorve	Lynghesenteret – Museumssenteret i Hordland	
Torhild Kvingedal	Lynghesenteret – Museumssenteret i Hordland	
Stein Sunde	Norsk Folkemuseum	
George Chioko	Norsk Folkemuseum	
Helle Rød	Norsk Folkemuseum	
Jan Tore M. Sørnsdal	Norsk Folkemuseum	
Helge Normann	Norsk Folkemuseum	
Ole- Magnar Valaker	Norsk folkemuseum	
Bodil Dago	Sør-Varanger museum	
Astrid Matland	Bymuseet i Bergen	
Aud Jovall	Hedmark fylkesmuseum avd. Domkirkeodden	
Marit Adelsten Jensen	Havrå	
Tove Mostrøm	Havrå	
Magne Vikne	Havrå	
Odd Kjetil Liland	Jærmuseet	
Knut G Austad	Jærmuseet	
Anne Jorunn Frøyen	Jærmuseet	
Arnold Bjørn-Hansen	Bymuseet i Bergen	
Gunn Nordal	Bymuseet i Bergen	
Cecilie Johansen	Varanger museum	
Kåre Hosar	Maihaugen	
Åsmund Asdal	Norsk genressurscenter	
Roy Dyrkolbotnen	Havrå/Privat	
Trygve Brandal	Ryfylkemuseet	
Asbjørn Lie	Agder naturmuseum og botanisk hage	
Hanne Lykkja	Kulturlandskapsprosjekt i Lofoten	Foredragshaldar + deltakar
Are Johansen	Lofoten forsøksring	Foredragshaldar dag 1
Terje Bø	Lofotr - vikingmuseum	Foredragshaldar dag 1
Kolbjørn Bugge	Vestvågøy historielag	Foredragshaldar dag 2
Ottar Schøitz	Fiskeværsmuseet på Å	Foredragshaldar dag 2
Anja Meland Rød	Vågsøy kommune	Foredragshaldar dag 2
Judith van Koelsveld	Historiske hagar i Lofoten	Foredragshaldar dag 3



Figur 1: Høvdinghuset på Borg

**Velkommen** ved Marie Pettersson, koordinator for nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap og Marion Fjeld Larsen, Lofotr – vikingmuseum.

### Omvising i utstillinger

Vi fikk omvising i utstillingane på museet som omtala historia av staden og om vikingtida. På grunn forsinka fly, vart fleire av deltakane seine og fekk litt kortare tid i utstillingane.

### Laukhagen

Lofotr-vikingmuseum har ein laukhage som er ein del av dei historiske hagane i Lofoten. Det er ein bevaringshage og eit samarbeid med Norsk genressurscenter. Les meir om dette i notatet om dei historiske hagane som var lagt ved i velkomstmappa.

### Høvdinghuset

v/ *Sunniva Halvorsen*

Utanfor høvdinghuset såg vi på utgravinga og funn på Borg. Det finst spor etter minst 8 langhus. Dagens høvdinghus har vorte oppført med bakgrunn i desse funna og utforma etter ein fortolking basert på funnet, forskning på andre stadar, historiske skrifter, byggeskikk o.l. Området har òg mange andre kulturminne som gravfelt, graver, kokegropfelt o.l.

Høvdinghuset er delt i tre: bustaddelen, gildehallen og fjøsen. Bustaddelen er i bruk av handverkarar, gildehallen er ein levande hall der folk kan eta o.l. På grunn av at gildehallen vert brukt til servering kan ein ikkje ha dyr i fjøsen. I staden har ein valt å ha ei utstilling om "vikingverden".

### Vandring i kulturlandskapet kring høvdinghuset

v/ *Geir Are Johansen og Terje Bø*

Mange stadar i Lofoten er det gardshaugar, dvs. at tufter ligg lag på lag og dannar ein «haug». På Borg ligg tuftene heller spreidde etter tidsalder. På vår vandring passerte vi m.a. tuftene etter middelaldergarden, prestegarden (1700-1920-talet då stormen tok han) og dagens prestegard som no er museumskontor.

Grunnen til museet ligg på tre gardar, den gamle prestegarden, nyreisingbruk pluss ein annan gard. I alt beiter dei 180 mål og haustar ca 80 mål. 80 mål vert leigd vekk.

I 1995 byrja ein å diskutera kva dyr ein skulle ha og kor mange. I dag har dei 8 nordlandshestar, 5 nordlandsfe og villsau. Det er god erfaring med samarbeite.

Problem med framande artar. Hundekjeks og sitkagran er døme på problemartar. I dag er sitkagrana svartelista og kan bli fjerna frå området.

### **Kulturlandskap frå brukarperspektiv**

*v/ Are Johansen*

«Slik ble det bare» - kulturlandskapet og deira element er vortne til ut ifrå trong og bruk. I dag er biletet i ferd med å endrast fordi det er ein annan driftsstruktur. Det er vanleg å leiga vekk jord, dvs. at område ligg langt vekk frå bruket. Det tek tid å køyra til området og leigejord vert sjeldan beita.

I høve til å ta vare og verna kulturlandskap, vil det vera vanskeleg å ta vare på alt. Vi må velja ut område som vi skal ta vare på og hjelpa dei som ønskjer å gjera noko.

Vern er også ofte hindring. T.d. kjem vern ofte i konflikt med beitedyr.

Typisk for Lofoten er den påverknaden av kulturlandskap som endringar i infrastrukturen har ført med seg, at det er bruer mellom øyane o.l.

### **Borg i eit vidare perspektiv**

*v/ Geir Are Johansen*

Hålogaland er ei gamal nemning på området nord for Trøndelag og «sør for Finnmark». Det er fortalt om ca. 15 høvdingsete i denne regionen, men det er berre Borg som er lokalisert. Under rikssamlinga var det mange som fekk problem med det nye styret av landet og valde å reisa til Island, inkludert den dåverande høvdingen på Borg.

Utgravinga på museet vart ferdig i 1989. Så byrja ein å planleggja området. Det vart definert eit reguleringsområde for å få kontroll over nærmiljøet til funna. I 1995 stod museet ferdig. Utfordringar for området er attgroing, endring i arealbruk, haldningar til entreprenørar og kommunar, kunnskapsløyse

om kva som er i landskapet. Museet si rolle er å skapa interesse og forståing, lære folk å drive med forskning.

### **Prestegardshagen**

Det var ein kort stopp i prestegardshagen, der vi fekk gå omkring sjølve og sjå på planter o.l.

### **Rotur med vikingskip i Innerpollen**

Vikingemuseet har bygd ein kopi av Gokstadskipet, og vi var ute ein tur i denne båten.



**Figur 2:** Kulturminnesti langs pollen

### **Kulturminnesti, etablering, bruk og vern**

*v/ Hanne Lykkja og Geir Arne Johansen*

Pollstien er eit prosjekt som starta med initiativ frå lokale eldsjeler og kommunen. Bakgrunn var driftsplan for vassdrag, kulturminne, biomangfald i pollane og området som reisemål. Korleis skulle Borg bruka landskapet og formidla det? Prosjektet var eit integrerings- og samarbeidsprosjekt, og dialogen med lokalbefolkninga har gjeve museet mykje i etterkant av prosjektet.

Langs stien finst mellom anna nausttuffer som stammar frå same tida som høvdinghuset.

### **Gilde i høvdinghallen**

Middagen vart servert i høvdinghallen der vi fekk nyta god mat og drikke og oppleve eit rollespel.



### **Busstur Ballstad – Å**

*v/ Hanne Lykkja og Kolbjørn Bugge*

Hanne fortalte om landskapet vi såg (eller skulle sett om ikkje skodda låg tett). Ein av dei viktigaste endringane som hatt innverknad på kulturlandskapet i Lofoten er infrastrukturen, og då ikkje minst at mange øyar har fått brusamband.

Kolbjørn fortalte om havskiljemerke. Dei regulerte Lofotfisket mellom ulike brukstypar. Det finst i dag 14 merke på Vestvågøy, og det er eit interkommunalt samarbeid mellom Vestvågøy, Flakstad og Moskenes for å ta vare på merka her.

### **Norsk fiskeværmuseum**

*v/ Ottar Schjøtz*

Å er eit gamalt fiskesamfunn der mange har budd i rorbuer under lofotfisket. Dei fleste rorbuene fungerer i dag som overnattingsstadar. Lofotfisket har vore viktig for mange. I fleire hundre år utgjorde fiskeprodukt frå nord opp mot 80 % av den samla eksporten i landet. Det vart utkjempa mange slag om råderetten til dei rike naturressursane. Frå midten av 1700-talet vart det lov med lokalhandel og rundt 1900 også eksport. Dei lokale handelsmennene, væreigarane, vart dei fyrste eksportørane. På Å var dette væreigar Ellingsen.

Væreigarhuset på Å er framleis i privat eige. Det var bygd i ein seinempirisk stil, og då det stod ferdig i 1896 var det også med innslag av sveitserstilen. Kårstova (også den i privat eige) har fleire stilar: sveitsar-, jugend- og drakestil.

Fiskeværmuseet er bygd opp av fleire bygningar. Mange tok turen innom bakeriet og kjøpte nybakte bollar. Vi åt fiskesuppe i naustet der Ottar og fortalte litt om utstillingane. I rorbua fekk vi innblikk i Lofotfisket og dei som ynskte det fekk også omvising på trandamperiet.

### **Verdsarvutgreiing i Lofoten**

*v/ Anja Meland Rød, Vestvågøy kommune*

Lofoten har mange natur- og kulturtradisjonar som kan gje grunnlag til oppføring på UNESCO si verdsarvliste, særleg sterke kriterium er naturen og tørrfisktradisjonen. Det er gjort eit grundig forarbeid med søknad om verdsarvsstatus. At Lofoten ikkje alt har fått status har mest sannsynleg sin grunn i interessekonflikten med oljeleting i Barentshavet. Den må vera avklara før ein kan ta ei endeleg avgjerd. Lofotodden nasjonalpark er og eit alternativ til vern.

### **Historiske hagar på Å**

*v/ Ottar Schjøtz*

Det er to hagar på Å; Stjernehagen og Henjumhagen. I begge hagane er det dei opphavlege plantene som ein har konsentrert seg om, å få dei fram og auke omfanget. I 2006 fekk arbeidet med hagane den første Plantearven-prisen som vart delt ut. Stjernehagen har fått namnet sitt etter eit stjerneforma bed som vart fjerna etter 1953 ein gong. Lokalt ønskjer ein å få denne stjerna attende.

### Båttur med guiding i Vinstad

v/ *Ottar Schiøtz*

I Reine gjekk vi om bord i båten til Vinstad, ei lita bygd på andre sida av Reinefjorden. Her har fiskarbonden budd i mange generasjonar og trass i at det ikkje er veg hit vart området seint fråflytta. I dag er det ein fastbuande

attende. Derimot finst ei unik samling bustadhus, naust og fjøs, samt ein skule. Dei fleste av oss gjekk turen over til Bunes. Heile området har stor kulturlandskapsverdi og høgt biologisk mangfald. Vi fekk god innføring i historia til området av av Ottar.



**Figur 3:** Stjernehaugen på Å, kulturlandskap og infrastruktur, Bunes og vandringsattende til Vinstad.

### Busstur til Kabelvåg

Om morgonen fredag drog vi frå Ballstad. På grunn av skodda valde vi å køyra på "innsida". Hanne Lykkje og Geir Are Johansen fortalde om landskap, arkeologi og historie om plassar vi passerte.



Figur 4: Historisk hage på Finneset

### Finneset

v/ *Judith van Koelsveld*

Det første stoppet i Kabelvåg var på folkehøgskulen på Finneset. Her møtte Judith van Koelsveld oss og fortalte om hagen. Plassen var tidlegare ein handelsstad og hagen ligg mot sjøen, det som før var framsida. Frå 1960-talet vart hagen mindre stelt, og etter kvart attgrodd. Hagen har i mange år vore vanskeleg å få auga på, og mange tre har vokse seg store. Desse var ein nøydd å fjerna og så byrja ein med å grave fram murar og terrasser. Mange av dei gamle staudane er borte, men vi kan enno finna mellom 40-50 ulike artar av gamle hageplanter. Lengst nede står og eit gamalt lysthus frå slutten av 1800-talet.

### Lofotmuseet

v/ *Lars Engedalen*

Lars ønskte oss velkomne til Lofotmuseet i Storvågan. Han hadde ei kort omtale av museet og lot oss etterpå oppleva museet litt på eiga hand. Museet ligg på bygrunnen etter Vágar, den einaste byen i Nord-Noreg i mellomalderen. På museet sitt område finst mange kulturminne frå forhistorisk tid fram til i dag. På 1800-talet var Storvågan eit stort

fiskevær og her låg kring 100 rorbuer som husa opp mot 1200 fiskarar under Lofotfisket. Dagens museumsbygningar har sitt opphav som væreigargard. Hovudhuset er frå 1815. Museet vart etablert i 1976.

### Væreigarhagen

v/ *Judith van Koelsveld*

Hagen vart stelt på 1800-talet og fram til 1909. Den er lite dokumentert og ein har ikkje funne nokre attlevande plantar. Med utgangspunkt i at ein veit at den har vore ein hage her, og at den har ein gunstig plassering både i høve til vegetasjon, at den er lett tilgjengeleg for publikum og for formidling, har ein likevel valt å restaurera hagen. Ein har etterkvart samla inn historiske plantar frå heile Lofoten for å syna dei fram her.



Figur 5: Lofotmuseet med væreigargarden og hagen ned mot havet

### Prosjektet «Levande hagar i Lofoten»

v/ *Judith van Koelsveld*

Prosjektet har sitt utgangspunkt i registreringar av gamle stauder i Lofoten i 2002 og 2003. Det vart eit ønskje om å ta vare på delar av plantesamfunna, samstundes som det peika seg ut nokre hagar som var eigna til å opparbeida og rydda. Ein såg på plassering og planter som var å finna. Ein fann 5 stadar der fire låg knytt til museum. Museumsarbeidet gav ein tyngde i søknaden, og ein gjekk i gang med ein 4-årig prosjektperiode (2004-2009).

Det var tre samlarhagar og to autentiske hagar i området. Musea har stått bak prosjektet og hatt jamnelege møte og stilt opp med arbeidskraft, likeins med folkehøgskulen. Ein fotograferte, registrerte, laga kart og planteliste og ein laga ein web-side. Ein greidde alle hovudmåla.

Etter prosjektperioden har mykje av stellet hengt på Judith. Ho har gjeve eit pakkeilbod der ho steller hagen for ein fast sum og med noko arbeidshjelp. Det har vore ein 3-årig avtale. Judith har ønskje om at musea tek over ansvaret, slik at ho ikkje har alt det praktiske arbeidet, men heller kan bli spurt om det er spørsmål.



### Nettverksmøte

- Axel Dalberg Poulsen frå naturhistorisk museum i Oslo hadde eit innlegg om prosjektet med å opparbeide ein vikinghage på Tøyen.
- Mari Marstein frå Gamle Hvam fortalte om framdrifta av prosjektet «PRIMUS for levende samlinger»
- Leif Hauge frå HSF orienterte om statusen for «Norgesgårdsprosjektet»
- Kristina Bjureke frå naturhistorisk museum i Oslo fortalte om eit prosjekt å etablera ein slåtteeing i botanisk hage på Tøyen.
- Leif Hauge frå HSF orienterte om "Nasjonal handlingsplan for haustingsskogar".
- Neste års samling:
  - Norsk skogmuseum/ Kvinnemuseet
  - MaihaugenMusea vart presenterte, men grunna liten tid vart ikkje resultatet kjent på møtet.
- Idéskjema. I velkomstmappa var det eit idéskjema som vart samla inn.  
Oppsummering:
  - Deltakarane var godt nøgde med samlinga. Program (tema, variasjon og utflukter), gjennomføringa, mat og innkvartering.
  - Samlingane fungerer godt og er viktige som møteplass og grunnlag for kunnskapsutvikling.
  - Forbetringspotensial: fleire fellesprosjekt, fordjuping i ulike tema, praktiske kurs, breiare front mot samfunnet, større aktivitet på nettsida og meir engasjement frå alle i nettverket.
  - Spørsmålet om nettverkstiltak du ønskjer å jobba med har to ulike typar svar. Det eine går på aktivitet i forma av kurs, prosjekt, praktiske oppgåver etc. og det andre er generelle tema (landbruk, hagebruk).